



Jørpeland 05.06.2013

HØYRINGSUTTALE – “Det livssynsopne samfunn”

7. januar leverte Stålsett-utvalet utgreiinga om staten sin trus- og livssynspolitikk i framtida. Utvalsarbeidet er grundig og drøftar på ein god måte mange ulike tema som har vore og som er vanskelege i kryssingspunktet mellom religion og politikk.

Når ein les om desse avvegingane og prinsippa som utvalet teiknar opp, så slår det oss at dei teiknar eit bilete av eit samfunn og eit land som er endra. Samfunnet vårt er i djuptgripande endring, og det er eigentleg ikkje noko nytt. Eit levande samfunn er aldri ein konstant storleik.

Strand kyrkjeleg fellestråd er glad for at utvalet stadfestar ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk. Gode rammevilkår er ein viktig føresetnad for at kyrkja også i framtida skal vere folkekyrkje i heile landet.

Strand kyrkjeleg fellestråd støttar også likehandsaming som eit godt og viktig prinsipp i trus- og livssynspolitikken. Men lik handsaming kan gjerast på mange måtar og ein bør diskutere kva konsekvensane blir på dei ulike områda. Er likehandsaming berre noko som skal sikre minoritetane sine rettar, eller har ei kyrkje som omfattar storparten av borgarane også legitime krav i dette? Korleis skal ulike omsyn vegast mot kvarandre?

Strand kyrkjeleg fellestråd stiller også spørsmål ved om det er det nødvendig å forme radikalt nye løysingar gjennom å skape ein konstruert nøytralitet og samstundes ta frå kyrkja oppgåver den har i dag? Her meiner Strand kyrkjeleg fellestråd at ein kan tenkje annleis.

Me meiner at kyrkja skal vera tydeleg på den kristne kulturarven, vidareføra tradisjonar, funksjonar og roller, samstundes som dette kan bli supplert av andre trussamfunn der det måtte vera naturleg, så som i offentlege institusjonar som sjukehus, Forsvaret og liknande. Me har lyst å trekkja fram to av dei mest sentrale og radikale forslaga til Stålsett-utvalet som gjeld dette; gravferder og vigselfrett.

Strand kyrkjeleg fellestråd meiner at Den norske kyrkje framleis skal ha ansvar for gravferder og vigselfrett.

Når det gjeld gravferder har Den norske kyrkje lang og god erfaring med dette, og ein unik kompetanse i møte med menneske i sårbare livssituasjonar. Kyrkja vår får gode skussmål frå både kristne og andre trussamfunn for måten dette ansvaret blir forvalta på, og me synest derfor at det vil vera naturleg at Den norske kyrkje også i framtida skal ta på seg dette oppdraget på vegner av storsamfunnet.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeverja i Strand

Vigselsretten er i dag ikkje ein rett som er forbeholdt Den norske kyrkja, men dette er ein rett som fleire trussamfunn har allereie i dag – og som ein kan gjera på “nøytralt” vis hjå byfogden. Å ta denne retten frå Den norske kyrkja– saman med andre trussamfunn – vil i realiteten vera det same som å snevra inn det livssynsopne samfunn – altså ei sjølvmotseiing mot det som er heile grunntonen i Stålsett-utvalet si utgreiing.

I eit livssynsopne samfunn kan nett dette bidra til at religion også får ein tydeleg rolle i det offentlege rom. Slik er det mogleg å realisere utvalet sitt overordna mål om det livssynsopne samfunnet.

Sjølv om samfunnet er i endring så treng me å forankra vår identitet både som samfunn og einskildmenneske i eit normgrunnlag som ligg utanfor det menneskeskapte. Skal me ta utvalet sitt engasjement for det livssynsopne samfunnet på alvor, må me med tyngde kunne fremje dette i debattane.

Som ein avslutningskommentar vil me understreka at det er positivt at utvalet argumenterer for “eit livssynsopne samfunn”. Nettopp derfor synest me det er underleg at så mange av forslaga peikar i retning av sekularisme og nøytralitet. Utan tydelege fellesverdiar, som for Norges del er basert på den kristne og humanistiske kulturarv, risikerer me eit verdivakuum.

Med vennleg helsing

Strand kyrkjeleg fellestråd